

# KONTAKTUTVALET FOR IDRETTLAGA I OSTERØY


Til gamle og nye medlemar i kontaktutvalet

Innkalling til årsmøte i kontaktutvalet på Fitje skule,  
torsdag 8. mars 1984 kl. 1900.

- Sakliste: 1. Meldingar  
2. Årsmelding 1983  
3. Rekneskap 1983  
5. Val for 1984 av formann, nestformann,  
sekretær, kasserar og revisor.  
6. Ymse

Kontaktutvalet sine medlemar for 1983 og 1984 vert med dette bedt om å møta fram. Den som ikkje kan møta, må syte for at varamann møter.

Valestrandsfossen den 24. februar 1984

  
Magnus Borge

sekretær for kontaktutvalet

## KONTAKTUTVALET SINE MEDLEMAR

	1984	1983
Hausvik	- Tore Iversen, Åge Nordås	- T. Iversen, A. Nessestrand
Valestrandsfossen	- K.T. Brendøy, K. Tvedt	- K. Karlsen, I. Fotland
Mjøsdalen	- A. Hellevang, A. Øvsthus	- A. Hellevang, E. Hole
Fotlandsvåg	- Y. Fitje, T. Karlsen	- Y. Fitje, T. Karlsen
Osterøy	- B. Langhelle, M. Myking, A. Raknes, J. Varden	- M. Borge, B. Mjelstad, M. Myking, B. Langhelle

# KONTAKTUTVALET FOR IDRETTLAGA I OSTERØY

R E F E R A T frå kontaktutvalet sitt årsmøte på Fitje skule  
torsdag 08.03.1984.

Gamle og nye medlemar hadde fått innkalling pr. brev 24.02.84.

Desse møtte: Valestrandsfossen if. - Karsten Tvedt  
Mjøsdalen idrettslag - Audun Hellevang, Aksel Øvsthus  
Fotlandsvåg idrettslag- Terje Karlsen  
Osterøy idrettslag - Monrad Myking, Asbjørn Raknes,  
Magnus Borge

Formannen Monrad Myking ynskte velkomen og leia møtet. Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

## Sak 1 Meldingar

Formannen orienterte om prioritering av tippemidlar til fordeling blant laga. I 1983 var det berre Hjellvikgruppa i Osterøy idrettslag som hadde søkt. All tilldeling av tippemidlar for 1984 vil i tilfelle gå til fotballbana der.

Det vart vidare orientert om nyvalg av styre for dei kommunale idrettsplassane i Osterøy for perioden 1984 -1988.

Formannen orienterte om flytting av Hordaland idrettskrets kontor. Den nye adressen er: Nikolaikirkealm. 2 B, Bergen.

## Sak 2 Årsmelding 83.

Årsmeldinga for 1983 vart opplesen av sekretæren. Det var ingen merknad til årsmeldinga. Sekretær/kasserar leste og opp rekneskapan. Det hadde ikkje vore nokon omsetnad i 1983, og rekneskapan var ikkje revidert. På bankboka i Sparebanken Vest var det tilført rente slik at ny saldo var kr. 2.419,79. Bankboka vart forevist formannen.

## Sak 3 Valg for 1984.

Formann ..... Monrad Myking (attvalg)  
Nestformann ..... Yngve Fitje (attvalg)  
Sekretær/kasserar ..... Jørgen Varden (ny)  
Revisor ..... Tore Iversen (ny)

## Sak 4 Ymse.

Til møte på kontaktutvalkonferanse på Litlabø, Stord den 17.-og 18.3.84 vart formannen Monrad Myking utpeikt til å reisa. Utgiftene vert dekt av Hordalan idrettskrets.

Formannen tok opp til drøfting kva som kunne gjerast for å få fart i orienteringssporten. Ingen konkrete forslag vart framlagt. Laga vart oppmoda om å senda deltakarar på Valestrandsfossen sitt kretsorienteringsløp på Valestand i mai 84.

Til slutt takka formannen for ny tillit og for frammøte.

Valestrandsfossen den 09.03.1984

  
Magnus Borge  
sekretær i kontakutvalet